



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet		

98/82 - Søknad om dispensasjon - Masseutskifting vinterparkering - Stokketjønn

Vedlegg

- 1 Søker om dispensasjon fra kommuneplanens arealdel Vinje kommune
- 2 Fraråder og vil vurdere påklaging - dispensasjon - Vinje - Stokketjønn - parkering

Dokument i saka

[KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL 2011 – 2023](#)


[Kommuneplanen sin arealdel Vinje - KU](#)

Bakgrunn

Vinje kommune har motteke ein søknad om dispensasjon frå grunneigar dagsett 27.10.2025.. Søknaden gjeld masseutskifting på vinterparkeringsplass ved Stokketjønn seter.

Bakgrunn for søknaden er tilgjengelege overskotsmasser etter vegarbeid på riksveg 9. Parkeringsplassen ber preg av store vassmengder kring påsketider og slutten av parkeringsperioden ved avslutning av parkeringa ved påsketider. Ein ynskjer å nytte overskotsmassane til å betre parkeringsplassen. Grunneigar søker difor om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel § 6.2.1 omsynssone villrein, for masseutskifting.

Vinterparkeringa er ein del av inntektsgrunnlaget til eigedomen, og har vore drive frå midten av 70-talet.



Kartusnitt Stokketjønnsområdet

Søknadens grunngjeving :

Vi har drevet utleie av parkeringsplasser i påsken (vinterparkering) og skutertransport på Stokketjønns seter (Gr/Br nr 98/82) Stokketjønnsvegen 34 3895 Edland, siden ca 1976. Vi leier ut parkeringsplasser til hytteeiere i området. Vi har plass til 135 biler uten å utvide dagens parkeringsareal. Eksisterende plass ble opparbeidet med tunge maskiner og plassen er ujevn og dårlig drenert, dette fører til problemer med vann og bløte masser slik at vi får ikke utnyttet plassen optimalt. Plassen bak garasjen har leiraktige masser som topp dekke og blir fort bløt. Statens veivesen gjennomfører et veiprosjekt på riksveg 9 som har overskuddsmasser fra sprengningsarbeidene som de ønsker å bli kvitt og behov for innkjørte masser til veiskuldre. Søker om å ta ut masser fra parkeringsplassen og kjøre inn sprengte masser slik at vi får en stødig parkeringsplass med riktig fall til utleie til hytteeiere i mange år fremover.


Vi har målt opp parkeringsarealet vi har tilgjengelig uten å gjøre nye naturinngrep.

Nye anbefalte krav til størrelse på parkeringsplasser er 2,6 m i bredde og 5 m i lengde, disse mål er brukt ved oppmåling av arealet vi har til rådighet. Beregnet bredde mellom radene er 6,3 m som det er anbefalt.

Antall parkeringsplasser foran garasjen er 113 plasser

Parkeringsplassen bak garasjen har plass til to rekker med kjørevei i midten

Antall parkeringsplasser bak garasjen er 25 plasser



Situasjonsplan, masseutskifting

Det er registrerte fortidsminne nært arealet, men ikkje innanfor arealet som er merkt i situasjonsplanen.

Fylkeskommunen hadde motsegn til parkeringsplassar generelt i Stokketjønnområdet i samband med arbeidet med kommuneplanens arealdel som no rullerast, men denne delen av innsigelsen er trekt.

Statsforvaltaren er spurd om uttale. Dei syner til tidlegare sendt brev til kommunen i samband annan søknad om dispensasjon for parkering ved Stokketjønn og rullering av arealplanen, denne uttala gjeld fullt ut i denne saka og.

Tilbakemeldinga frå Statsforvaltaren er då fråråding og mogleg påklaging :

Statsforvaltaren ved miljøavdelinga finn at tiltaket kan komme i vesentleg strid med nasjonale interesser knytt til villrein, jf. nytt revidert rundskriv T-2/16 Miljøforvaltningens innsigelsespraksis, punkt 3.8. I påvente av tydelegare grunngiving av behovet opp mot ei vurdering av omsynet til villrein, særleg vinterstid, rår vi ifrå at kommunen innvilgar dispensasjon, og vil vurdere å klage på eit eventuelt positivt vedtak.

Desse sakene har ei samanheng, då dei alle gjeld parkering ved og i Stokketjønn-området.

Området er omtala spesielt i konsekvensutgreiinga i arbeidet med ny arealplan.

3.2.1. Nr. 3a, 3b og 3c, Bykleheia, gnr./bnr. 98/82, 98/1 og 601/1

Forslag	Gnr./bnr.	98/82, 98/1, 601/1
	Arealstørrelse	4, 1 og 1 daa
	Føremål i gjeldande plan	Delvis LNFR spreidd fritidsbusetnad og LNFR med omsynssone villrein
	Foreslått føremål	Parkering
	Kort omtale av forslaget	Grønnuten vel ber kommunen regulere et tilstrekkelig areal til vinterparkering for hytteiere ved Stokketjønn, tilsvarende 4-5000kvm da det må tas høyde for 200 biler (2 pr. hytte). Primært ønsker Grønnuten vel at det reguleres i tilknytning til Stokketjønn seter, alternativt i nær tilknytning til Riksveg 9. Det hersker uenighet blant hytteeierne i denne saken, men flertallet ønsker en parkeringsløsning framfor vinterbrøtting.
	Forslagsstillar	Grønnuten Vel v/ Helge Nøklegård
Kart	Avgrensing av innspel over flyfoto + avgrensing av innspel over gjeldande KPA	
		
Oppsummerande vurdering	Alle område ligg innanfor villreinområde. Dersom innspelet heilt eller delvis takast inn i plan må det sikrast at det ikkje opnar for auka ferdsel, til dømes ved å øyremerke dei til eksisterande hytter i område og ikkje opne for allmenta. 3A: Ligg i heilskap på dyrka mark. Stor negativ konsekvens for kulturminner og miljø på grunn av fleire automatisk freda kulturminne i område rundt 3C (blestertufter, kullgroper og slagghauger), at delar av stølsområdet registrert som eit arkeologisk minne (setervoll frå førreformatorisk tid) med uavklart vernestatus og innspelet for 3C grip inn i samanhengen innanfor eit større kulturmiljø med regional og nasjonal verdi. 3C har raud konsekvens utan mogelge avbøtande tiltak. 3B og C: Ingen vesentlege konsekvenser, utanom at det ligg innanfor villreinområde som nemnd over. Ingen vesentlege risikopunkt for innspelet. Konflikt med sentrale lokale, regionale og nasjonale verdiar for innspel 3A grunna dyrka mark og kulturminne- og miljø. 3B og C vil ha grøn konsekvens dersom det sikrast at innspelet ikkje gir auka ferdsel.	

Utklypp frå KU, side 25 og 26 (skrivefeil i KU, skal vera dyrkbar mark)

Vurdering

Nye tiltak i omsynssone villrein, må handsamast som dispensasjon. Ved handsaming av dispensasjon skal det vurderast om omsynet til føreseigna ikkje vert vesentleg sett til side, og i tillegg må fordelane vera klart større enn ulempene.

Vert føreseigna vesentleg sett til side, treng ein ikkje vurdere fordelar og ulemper jf pbl § 19-2.

Det følgjer av pkt. 6.2.1 *Hensynssone – villrein* i føresegner til kommuneplanens arealdel at «ved handsaming av søknader om tiltak innan hensynssona skal omsynet til villreininteressene vektleggast særskilt» Vidare «For dei nasjonale villreinområda Setesdalsheiane – Ryfylkeheiane (Heiplanen) og Hardangervidda, er det under utarbeiding regionalplanar som vil gi føringar for bruken av områda».

Tiltaka ligg innanfor *Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei* (Heiplanen). I Heiplanen ligg området innanfor omsynssone villrein, og det er gitt eigne retningslinjer for denne sona. For Vinje gjeld *Generelle retningslinjer for omsynssone villrein*. Desse er identiske med dei generelle retningslinjene for omsynssone Nasjonalt villreinområde med noko endring og tillegg. Utgangspunktet er at interessene til villreinen skal tilleggast stor vekt i all arealforvaltning og sakshandsaming. Sjølv om området ligg innanfor omsynssone villrein i Heiplanen er tiltaket i Nasjonalt villreinområde Setesdal Austhei. I Heiplanen er området òg markert som trekkveg for villreinen.

Naturmangfaldlova kapittel II slår fast at utøving av offentleg mynde skal bygge på eit godt kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet, og at påverknad av tiltaket skal vurderast ut frå samla belastning på økosystemet, jf. nml. §§ 7-10. Vi viser òg til naturmangfaldlova § 5 om ivaretaking av arter og dei økologiske funksjonsområdene.

Kvalitetsnorm for villrein vart fastsett ved kgl.res. 23. juni 2020. I artikkel 1 i kvalitetsnorma heiter det at «kvalitetsnormen er retningsgivende for myndighetenes forvaltning i alle saker som har betydning for villrein». Kvalitetsnorma fastset grenseverdiar for god, middels og dårleg kvalitet for leveområda til villreinen, basert på delnormene bestandsforhold, lavbeite, og leveområde og menneskeleg påverknad.

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 heiter det i regjeringa si forventning nr. 58 at «villreinens leveområder sikres, og vedtatte regionale planer for villreinfjella oppdateres i samsvar med ny kunnskap og følges opp i den kommunale planleggingen». I ny stortingsmelding Meld. St. 18 (2023-2024) *Ein forbetra tilstand for villrein* legg regjeringa opp til «ein høg terskel for nye inngrep i villreinområda», og seier det er «nødvendig med ei heilskapleg og restriktiv arealforvaltning i villreinfjellet». Det er eit mål i stortingsmeldinga å stoppe den negative utviklinga i villreinområda innan 2030, og på lengre sikt å nå kvalitetsmåla i kvalitetsnorma.

Tiltaket er strid med nasjonale interesser. Villrein er no kjent som truga i sentrale område der villrein skal ha forrang. I 2022 kom det ei klassifisering av villreinområdas kvalitet og tilstand, og ei kvalitetsnorm er presentert. Setesdal Austhei vart her vurdert til middels kvalitet. Ytterlegare tiltak i området, vil redusere kvaliteten til villreinområdet ytterlegare. Tiltak som reduserer kvaliteten på villreinområde må vurderast strengt.

Tiltaket er vesentleg i strid med noverande arealplan (omsynsområde villrein), Nasjonale interesser og kvalitetsnorma for villrein. Særleg vinterstid som det er påpeika om bruken av villrein i omsynssona, då dette også er tidspunktet arealet skal nyttast.

I og med at tiltaket vil setje arealplanens føresegn vesentleg til side, vert ikkje fordelar og ulemper vurdert. Når arealplanen vert vesentleg tilsidesett, kan ikkje dispensasjon gjevast.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Plan- og miljøutvalet gjev eigar av 98/82 avslag på dispensasjon i medhald av pbl § 19-2 for å massebyte areal for opparbeiding av parkeringsplass, slik det er søkt om i brev datert 27.10.2025.